



Villreinutvalet for Nordfjella

Aurland, den 24.2.15

Til Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Høyringsuttale til faggrupperapporten «Forenkling av utmarksforvaltningen»

Villreinutvalet er grunneigarane og fjellstyra sitt fellesorgan, som står for den praktiske villreinforvaltinga i av villreinstamma i Nordfjella villreinområde (alle bestandsteljingar, utrekning av kvoteforslag, organisering av jaktoppsyn, samanstilling av fellingssresultat, utarbeiding av driftsplan/bestandsplan m.v.). Uttalen nedanfor går på villreinnemndene si framtidige rolle i forvaltinga.

- Villreinnemndene vart for få år sidan omorganiserte, slik at kvar nemnd kunne dekkja fleire villreinområde. Dette m.a. vart gjort for å kunna sikra best mogleg fagleg kompetanse i villreinnemndene sine sekretæriat. Vårt inntrykk er at dette har fungert etter planen – villreinnemndene fungerer godt, og har funne plassen sin i forvaltinga. Etter vårt syn har villreinnemnda ein vèl så viktig funksjon som høyringsorgan i ulike plan- og utbyggingssaker, som i saker som gjeld den lovpålagde delen av villreinforvaltinga (vedtak om fellingskvote og fordeling på kjønn og alder, godkjenning av bestandsplan, godkjenning av vald m.m.). Ei villreinnemnd med medlemar som har ei genuin interesse for villrein og villreinforvalting, i samspel med eit kompetent sekretariat, sikrar at plan- og utbyggingssaker som vedkjem villreinen sine leveområde får ei forsvarleg vurdering. I nokre tilfelle fører høyringsinnspel frå villreinnemnda rett nok til at utbyggingsinteresser må vika eller planar endrast. Dette viser berre at systemet fungerer.
- Ved å slå saman villreinnemndene med verneområdestyra, slik det vert førslege i fagrapporten, endar ein fort opp med utmarksstyre som har villreinen sitt ve og vel som ein meir perifer del av interesseområdet, i alle fall viss ein ser på faggruppa sitt forslag til kva grupper som bør vera representerte i utmarksstyra.
- Ut frå villreinen sin status som ein art som Noreg har eit særskilt ansvar for å ta vare på, vil det vera eit feil signal å fjerna det lokale/regionale offentlege organet som ivaretek dette ansvaret i dag, ved å slå det saman med anna forvaltingsorgan med eit vidare ansvarsområde.
- Det er sjeldan geografisk samanfall mellom villreinnemndene og verneområdestyra sine forvaltingsområde, noko som vil verta ei utfordring å få til å gå i hop.

Som fellesorgan for den viktigaste brukargruppa, d.v.s. dei som har jaktrettane i villreinområdet, vil villreinutvalet for Nordfjella konkludera med at villreinnemnda gjer ein viktig jobb innan sitt verkeområde, med godt avklarte ansvarsområde og rutinar. Det vil for brukarane neppe vera noko å tena på om denne nemnda vert «rasjonalisert» vekk.

For Villreinutvalet for Nordfjella

Lars Nesse (s)
-leiar-

Harald Skjerdal
-sekretær-